



2025-2026

BARNEHAGANE I HÆGEBOSTAD KOMMUNE

ÅRSPLAN

KONTAKTINFORMASJON

BARNEHAGANE I HÆGEBOSTAD KOMMUNE

Hægebostad barnehage

Enhetsleder Synnøve Flottorp

Telefon 480 79 219

Mailadresse:

synnove.flottorp@haegebostad.kommune.no

Eiken barnehage

Enhetsleder Irene Eiken handeland

Telefon 454 25 922

Mailadresse:

irene.handeland@haegebostad.kommune.no

**Info om barnehagane kan de finne på kommunen si
heimeside:**

www.haegebostad.kommune.no

Godt å ha noen

Det er godt å ha noen me kjenne
Sånne så smile og ler
Og spør kossen me har det for tiå
Om någe e opp eller ner

Ka va vel livet foruden
Det kan eg'kje tenka meg eg
Det er godt å ha någen me kjenne
Det er godt at eg kjenne det

Det er skikkelig godt å ha venner
Sånne me kan spør om alt
De har sånne hjelpsomme hender
De varme oss når det e kaldt

Ka va vel livet foruden
Det kan eg'kje tenka meg eg
Det er skikkelig godt å ha venner
Det er godt å ver venner med deg

For det beste i verden e venner
sånne så lige oss best
så glede seg hver gang de ser oss
så dagene blir som ein fest

ka va vel livet foruden
det kan eg'kje tenka meg eg
for det besta i verden e venner
det er godt å ver venner med deg

Svein Tang Wa

[Det e godt å ha någen](#)



Velkommen til barnehagane i Hægebostad kommune.

Me gler oss til å oppleve kvardagen saman med deg!

I følge Lov om barnehagar skal kvar barnehage utarbeide ein årsplan for barnehagen sitt innhald og si organisering. Hensikta med årsplanen er å sikre god kvalitet på barnehagen sitt innhald og si organisering, og at barnehagen jobbar i tråd med Rammeplanen.

Årsplanen blei fastsett av Samarbeidsutvalet **xx.xx.xx**

Hægebostad barnehage og Eiken barnehage er heiltidsbarnehagar som er eigde og vert drivne av Hægebostad kommune.

**Hægebostad barnehage
Asjersvei 3
4595 Tingvatn**



**Eiken barnehage
Eikenveien 467
4596 Eiken**



TILBOD

Barnet kan søkes inn 4 eller 5 dager i barnehagen pr. veke. Opningstider mandag-fredag kl. 06.45-16.30

Barnehagen fylgjer makspris på foreldrebetaling. Barnehagane er stengd i veke 28 og 29.

Alle barn må ha 4 veker samanhengjande ferie i perioden mellom veke 26 og veke 31.

Barnehagen har ei kjernetid mellom 9.00 – 14.00.

Barnehagen har stengd julafta, nyttårsafta, onsdag før skjærtorsdag og 5 planleggingsdagar pr. barnehageår.

VÅRE STYRINGSdokUMENT

Barnehagelova og Rammeplanen er offentlege styringsdokument som barnehagen må forhalde seg til for å sikre kvaliteten og innhaldet i barnehagen.

LOV OM BARNEHAGAR

BARNEHAGELOVA SIN FORMÅLSPARAGRAF (§1)

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGAR

Forskrift om rammeplan for barnehagen fastset utfyllande bestemmelser om barnehagen sitt innhald og oppgaver.

Rammeplanen gjev barnehagen rammer for arbeidet med barna, foreldra og personalet.

Verdigrunnlaget i rammeplanen

Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjering, likeverd og solidaritet – verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrsl og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen og bidra til at alle barn som går i barnehage får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik.

Barnehagane sitt grunnsyn:

Vår grunntanke er at gode, omsorgsfulle relasjonar, tilknytning og tryggleik er grunnleggjande for ei positiv utvikling. Barnehagens sitt innhald skal byggja på eit heilt læringssyn, kor omsorg, leik, læring og danning er sentrale begrep. I tillegg er sosial kompetanse og dei sju fagområda i rammeplanen viktige delar av barnehagens sitt læringsmiljø.

Personalet er barnehagens sin viktigaste ressurs. Dei er rollemodellar som har eit særleg ansvar for at barnehagen sitt verdigrunnlag vert halde.

Dette betyr at refleksjon og evaluering er viktig i personalet sine pedagogiske drøftingar.

Kvalitet i barnehagen

- Barnehagen skal vere til barnet sitt beste
- Barna skal oppleve glede og meistring
- Barna skal få leike, lære og utvikle seg og delta aktivt i eit sosialt og kulturelt fellesskap

Gode barnehagar formidlar verdiar og haldningar, gjev barna grunnleggjande ferdigheiter og kunnskapar og trening i å delta aktivt i eit fellesskap med barn og vaksne utanfor familien.

Barnehagen skal vere ein god støttespelar for foreldra i omsorga for barna og bidra med god stimulering til læring.

Kvalitetssikring i barnehagen inneber ei stadig utvikling av personalet sin kompetanse. Som pedagogisk samfunnsinstitusjon må barnehagen vere i endring og utvikling. Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon slik at den er rusta til å møte nye krav og utfordringar. Dette inneber at vi som jobbar i barnehagane stadig tileignar oss ny kompetanse.

SAMARBEIDSUTVALET

Alle føresette i Hægebostad barnehage og i Eiken barnehage utgjør kvar sitt foreldreråd. Ut i frå desse blir det valt 2 representantar frå kvar barnehage som skal sitje i Samarbeidsutvalet, saman med 2 frå personalet og 1 representant frå kommunen.

I barnehagelova § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval står det:

For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremme deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan berre foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eiger kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av de andre gruppene.

Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Det er først når alle partane i utvalet er samla at det kan kallast eit Samarbeidsutval. Dei foreldre som er representert i samarbeidsutvalet kan og be om eit møte berre med styrer, men det blir då ikkje eit møte på vegne av Samarbeidsutvalet, men som foreldrerrepresentantar for dei øvrige foreldre på ei avdeling/i ein barnehage. I forkant av dette bør det vere eit foreldreråd.

SAMARBEID MED HEIMEN

Samarbeidet mellom foreldre/føresette og barnehagen er grunnleggjande for å oppnå gode vilkår for barnehagens formålsparagraf:

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

Barnehagelova §1 Formål, 1. ledd

PERSONALSAMARBEID/-UTVIKLING

I barnehagane våre er vi opptatt av at heile barnehagen skal fungere som ein barnehage og at det skal vere eit godt samarbeid mellom avdelingane og eit godt samarbeid mellom barnehagane. Eit godt personalsamarbeid er viktig for å få til ein god barnehage. Atmosfæren i barnehagane skal vere prega av glede og humor og vi er bevisst på verdien av eit slikt klima både for barn og vaksen. Leiing og personale utviklast i samspel med kvarandre. Me har tru på kvar enkelt. Me skal vere ei leiing som er til stades, tydeleg og synleg og som stillar høge krav både til oss sjølv og våre medarbeidarar.

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR

Barnehagane har tett samarbeid med skulane og helsestasjonen i Hægebostad kommune. Barnehagen har samarbeid med PPT, barnevern og pedagogisk senter i Listerregionen, HABU, ABUP og Hægebostadhjelpa dersom det skulle vere nødvendig. Barnevern, helsestasjon og PPT er i barnehagene ein dag kvar 6. veke, der dei er tilgjengelege både for personalet og foreldre.

Gjennom skulane har me tilgang til gymsal og symjehall. Barnehagane har og eit tett samarbeid med bibliotekaren gjennom besøk kvar månad.



Barnehagane er IA-bedrifter og har Bedriftshelsetenesta som ein samarbeidspartnar i forbindelse med tilrettelegging for personalet.

BTI (Betre tverrfagleg innsats)

BTI er ein samarbeidsmodell som sikrar koordinert innsats overfor barn, unge og familiar.

For at barna skal få det best mogeleg er det viktig med tidleg innsats og samordning mellom dei ulike tenestene (som f.eks. barnehage, helsestasjon, PPT osv).

Barnehagane i kommunen vår ligg under Hægebostad BTI.

OPPVEKSTREFORM

Barnevernet i Norge er i dag i ein omfattande endringsprosess. Denne reforma vert kalla «Oppvekstreformen».

Kommunane får no meir ansvar på barnevernsområdet. Reformen skal bidra til å styrke arbeid med førebygging og tidleg innsats. Målet med reformen er eit betre barnevern, der tenestetilbodet vert tilpassa lokale behov.

Barnehagane i Hægebostad er aktivt med i denne prosessen saman med helseetaten i kommunen.

TEIEPLIKT

Alle som arbeider i barnehagen har teieplikt, i samsvar med Forvaltningslova § 13. Dette skal sikre foreldre, barn og tilsette mot at private forhold kjem uvedkommande for øyret.

Alle personopplysningar er underlagt teieplikta og vil bli oppbevart i fylgje personopplysningsloven.

MELDEPLIKT

Barnehagen har meldeplikt til barnevernstenesta, det vil seie at barnehagen er pålagt å varsle barnevernstenesta, utan hinder av teieplikta, dersom ein blir kjent med forhold ein trur vil kunne skade eit barns helse eller utvikling, jf. Barnehagelova § 46 og Barnevernloven § 6-4.

DOKUMENTASJON/EVALUERING

Barnehagens dokumentasjon kan gje foreldre og kommunen informasjon om kva barna opplev, lærer og gjer i barnehagen.

Det vert dokumentert gjennom tekst og bilete på barnehagen sin foreldreportal.

I tillegg evaluerer personalet barnehagens arbeid med rammeplanens sju fagområde.

Vi bruker ulike pedagogiske verktøy for å observere barna si utvikling for å kunne ivareta barns individuelle behov best mogeleg.



BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

«Omsorg er en forutsetning for barnas trygghet og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærlighet. Barnehagen skal gi barna mulighet til å utvikle tillit til seg selv og andre.» (Rammeplanen)

Vi har fokus på å se hvert enkelt barn i barnehagen og verdsetter barnas uliketer slik at de opplever trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen. Personalet i barnehagen viser omsorg ved å ta hensyn til det enkelte barns behov, delta egasjert i hverdagsaktiviteter og lek saman med barna. Vi ønsker å ha et «stort» fang hvor det er plass til alle barn. Barnehagen har fokus på en sunn hverdag gjennom kosthold, hygiene og fysisk aktivitet samt deres behov for ro og hvile. Vi ønsker å være trygge og tydelige voksne som setter grenser og rammen på en varm og autoritativ måte. Vi skal bidra til at barna utvikler tillit til seg selv og andre. Vi oppmuntrer til å vise omsorg og støtte som til å selv kunne ta imot omsorg.

Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek

«Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur.» (Rammeplanen)

Vi legg til rette for mykje tid til god lek, både barnestyrt og lekegrupper leia av voksne. Å leke er barna sin naturlege veremåte, den gjer stor glede, derfor er leken ein svært viktig del av barnehagekvardagen. Personalet observerer barna i lek. Dei vil dermed sjå om barna trengjer veiledning i leken. Barna skal få være saman i mindre grupper slik at vi får ivaretatt både rom og tid for mykje og god lek.

Barna sin lek er viktig fordi:

- Her blir det knytta vennskapsbånd
- Barna lærer å samarbeide, lytte til andre sine meningar og idear, finne løysingar saman
- Dei lærer seg å vente på tur og finne sin plass i gruppa
- Leken skaper et inkluderande miljø
- her vert barna si forestillingsevne trena opp, ein lærer kreativitet og oppfinnsomhet
- barna bearbeider sine opplevingar gjennom lek
- gjennom lek kan ein øve, prøve, uttrykke seg og lære å mestre sine egne følelsar
- i lek vert barna sitt språk utvikla
- barna trener opp evnen til fantasi og lærer å tolke situasjonar på ulike måtar



Barnehagen skal fremje danning

«Barnehagen skal støtte barna i å forholde seg prøvende og nysgjerrig til omverdenen og bidra til å legge grunnlag for modig, selvstendig og ansvarlig deltakelse i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremme samhold og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlinger skal verdsettes og følges opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdier og normer som er viktige for fellesskapet.» (Rammeplanen)

Vi utfordrar barna til å tenkje og inviterer dei inn i utforskande samtaler. Det vert tilrettelagt for meningsfulle opplevingar. Personalet støttar barna si identitetsutvikling, positive sjølvforståing, aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet og anerkjenner og føl opp barna sine perspektiv og handlingar. Dette vert gjort i leik, rutinesituasjonar, samlingar, prosjekt og felles arrangement. Vi legg til rette for at barna kan sei sine tankar og meningar, gjerne i gruppe og samling, lære å hevde si mening og lytte til andre. Ved å synleggjere mangfald i gruppa kan vi lære meir om kvarandre og auke forståing for kvarandre. Barna veks opp i et mangfaldig samfunn og det å erfare at «eg er meg og det er fint» og samtidig finne sin plass og tilhøyrighet i ei gruppe er viktig for barn si danning. Vi gjer barna erfaringar med demokratiske prosessar for eksempel ved at fleirtalet bestemmer kor turdagen skal gå. Det gjer barna ei forståing for at deira stemme er like viktig som andre si, sjølv om ditt val ikkje ble innfridd i dag.



Barnehagen skal fremje læring

«i barnehage skal barna oppleve et stimulerende miljø som støtter opp om deres lyst til å leke, utforske, lære og mestre.» (Rammeplanen)

Barnehagen ser på læring som et heilt omgrep, der alt vi gjer er læring. Gjennom leik, uformelle læringssituasjonar/kvardagsaktiviteter som av- og påkledning, måltid og sosial samhandling vert det lagt til rette for barns læring og utvikling. Personalet er rollemodellar, vegleiarar og aktivt deltakande i barna sine læringsprosessar, gjennom å vere oppmerksomme på barna sine interesser og engasjement, støtte barns initiativ, undring og kreativitet. Vi støttar barna sin refleksjon i situasjonar og tema for å skape forståing og mening saman med barna. Vi legg til rette for formelle læringssituasjonar (planlagde og leia av personalet med fast progresjon) gjennom prosjektarbeid, samlingsstund, lekegrupper og aldersinndelte grupper.



Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap

«Sosial kompetanse er en forutsetning for å fungere godt sammen med andre og omfatter ferdigheter, kunnskaper og holdninger som utvikles gjennom sosialt samspill. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være betydningsfulle for fellesskapet og å være i positivt samspill med barn og voksne.» (Rammeplanen)



Vi ynskjer å legge til rette for at det skal bli utvikla gode vennskap mellom barna i barnehagen. Det vert jobba systematisk for å bygge vennskap både barna imellom og mellom barna og de vaksne. Personalet setter søkelys på alt det positive som kvart enkelt barn har og ynskjer å forsterke dette.

Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk

«Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påvirker og påvirkes av alle sider ved barnets utvikling.»

«Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagehverdagen, og alle barn skal få delta i aktiviteter som fremmer kommunikasjon og en helhetlig språkutvikling.» (Rammeplanen)

Dei vaksne i barnehagen er bevisst på at dei er språklege forbilder for barna. Samtaler, song, rim, regler, bøker, høgtlesning, setje ord på kvardagssituasjonar og delta i barna sin leik er viktig med tanke på dette. Vi er opptatt av at alle barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket ved at vi lytter, bekrefter og gjer tilbakemeldingar til kvart enkelt barn. Vi oppmuntrar barna til å delta aktivt i samlingane. Vi anerkjenner og responderer på barnas verbale og non-verbale uttrykk og legg til rette for at alle barn vert involvert i samspel og samtaler.



Trygt og godt barnehagemiljø

Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

Barnehagelova §42

Rammeplanen sier i kapittelet om Livsmestring og helse at barnehagen skal ha ei helsefremjande og forebyggjande funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjellar. Barna si fysiske og psykiske helse skal veklleggjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barna sin trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd og forebyggje krenkelsar og mobbing. Om et barn opplever krenkelsar eller mobbing må barnehagen handtere, stoppe og følgje opp dette.

Alle som jobber i barnehagen må følgje med på at barna har det bra. Dersom ein vaksen veit om, eller trur at eit barn blir mobba, plaga eller på andre måtar ikkje har det bra skal ho eller han

- gripe inn og stoppe krenkelse med en gang
- seie ifra til styrar i barnehagen
- undersøkje kva som har skjedd
- sette inn tiltak og lage ein plan for å sørgjer for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø

det er dei ansatte sitt ansvar å byggje gode relasjonar til alle barn på avdelingen. På den måten kan ein lettare forstå og leggje til rette for at alle barn trives og har det trygt i gruppa. Gjennom systematisk pedagogisk arbeid på avdelingen vert det jobba for at ingen fell utafor.



BARNEHAGEBIBLIOTEK

Begge barnehagane har eit barnehagebibliotek. Det er då mogleg for foreldre å låne med seg heim bøker frå barnehagen. Målet er at både barn og føresette skal sjå verdien av bøker og lesing og kor viktig dette er i forhold til vidare språk- og leseutvikling.

TRAFIKKOPPLÆRING I BARNEHAGANE

Mål:

Styrkje og utvikle barna sine gode haldningar til trafikk og adferd i trafikken. Hjelp barna med å bli sikre og ansvarsfulle trafikantar.

Dei vaksne skal vere gode rollemodellar.

Heilt frå barna er små må dei forhalde seg til trafikk. I byrjinga er det dei vaksne som har det heile ansvaret, men etter kvart er målet at barna skal bli sjølvstendige og trygge trafikantar.

Foreldre er den viktigaste rollemodellen. Det er viktig å leggje grunnlaget for barna sin trafikksikkerheit tidleg.

Trafikkopplæringa i barnehagen er viktig for å gje det enkelte barn betre ferdigheiter, kunnskap og haldningar som fotgjengar, passasjer, syklist i trafikken, og seinare i livet som sjåfør. Kunnskap må byggast opp gradvis og starte med det nære og kjente.

Barnehagen vil støtte seg på trafikkmateriell som er utvikla av Trygg Trafikk.



BEREKRAFTIG UTVIKLING

Vi jobbar for at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen legg grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna gjer erfaringar med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen. Barna får varierte naturopplevingar og blir kjend med naturens mangfald. Barnehagen ynskjer med dette å bidra til at barna opplev tilhørighet til naturen gjennom turar i skog og nærområde, bevisstgjer de ulike årstider og kva som skjer i naturen gjennom året, planter og sår, undrar oss over naturens fenomen og haustar av naturen.

Personalet er rollemodellar for barna og ved samtaler og bevisstgjerjing rundt det å ta vare på leiker og utstyr, redusere papirforbruk og redusere matavfall vil dette vere eksemplar på korleis vi kan ta vare på miljøet vårt.

Barna i barnehagane drar stadig på tur i nærmiljøet som miljødetektivar og kjem tilbake med mykje som ikkje høyrer til i naturen.

GOD STEMNING

Gode relasjonar skal vere vårt varemerke. Vi er opptatte av at den gode stemninga på husa skal prege våre barnehagar. Vi skal vere leikne vaksne som sprer glede. Dette er med på å bidra til å skape den gode stemninga.

Store og små i barnehagane i Hægebostad er opptatte av å stå saman og hjelpe kvarandre.

Vi samarbeider godt på tvers av avdelingane. Vi verdset foreldresamarbeidet høgt. Vi ynskjer at barnehagane i Hægebostad skal vere eit godt sted for barn, foreldre, tilsette og andre besøkande eller samarbeidspartnarar.

OVERGANGER INNAND I BARNEHAGEN

Barn som byrjar i barnehage får fleire erfaringer med overganger i den tida dei er i barnehagen. Det startar med overgangen frå barnet sin heim til barnehage. Gjennom den tida dei har i barnehagen vil dei bytte grupper og avdelingar. Dette gjer barna nye opplevingar og erfaringar som kan vere til hjelp i overgangen frå barnehage til skole. Vi legg til rette for at barna skal få moglegheiter til å gjere seg kjent med ny avdeling før oppstart.

OVERGANG BARNEHAGE-SKULE

Barna på skuleklubben er no dei eldste i barnehagen. Vi legg til rette for å gje dei opplevingar og erfaringar som forberedar dei til skulestart. Barnehagane i Hægebostad er så heldige at dei ligg i nært opp til skulene. Det gjer at barna er godt kjend med skulen sitt uteområde, bibliotek og gymsal før de har byrja på skulen. I løpet av det siste året i barnehagen har skuleklubben besøk av 1. klasse, og dei er og på besøk hos 1. klasse på skulen.

Det er foreldresamtale for alle borna på skuleklubben på våren før dei byrjar på skulen. Ein har og eit overgangsmøte saman med kontaktlærer før oppstart. Det blir i forkant av dette sendt ut eit skjema til foreldre der dei kan gje tillatelse til at barnehagen overfører observasjonsskjema og annan informasjon om barnet til skulen.

Barnehagane og skulane i Hægebostad kommune har utarbeida ein eigen overgangsplan.

Kvar avdeling skriv ein halvårsplan ut i frå rammeplanen sine fagområde og barnas alder og modning. Dette er til internt bruk. I tillegg vert det sendt ut ein månadsplan med konkrete aktivitetar til føresette kvar måned.

FAGOMRÅDENE

0-2 åringen	3-4 åringen	5-åringen
Kommunikasjon, språk og tekst Sette ord på det som skjer/skape forutsigbarhet - sette ord på handlingar og følelsar, tidleg og god språkformulering - bli kjent med bører, sangar, bilder og ulike media	Kommunikasjon språk og tekst - dagleg oppleve høgtlesing, fortelling, sang og samtale - leke med lyd, rim, rytme og fabulere med hjelp av språk og sang - vidareutvikle barnas begrepsforståing og ordforråd - bruke sitt språk for å uttrykke følelsar, ønskjer og erfaringar, til å løyse konflikhtar og skape positive relasjonar i lek og samvær	Kommunikasjon, språk og tekst - jobbe med lydering, lytte ut lyder - møte bokstaver og tallsiffer i daglege sammenhenger og i skuleklubben - støtte barna sitt initiativ når det gjeld å telle, sortere, lese, leikeskrive eller diktere tekst
Kropp, bevegelse, mat og helse - skaffe seg gode erfaringer med varierte og allsidige bevegelser og utfordringer - bli kjent med ulik mat	Kropp, bevegelse, mat og helse - vidareutvikle sin kroppsbeherskelse, grovmotorikk og finmotorikk, rytme og motoriske følsomhet - få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider - utvikle forståing og respekt for egen og andre sin kropp og for at alle er ulike - forståing for betydninga av gode vaner og sunt kosthald	Kropp, bevegelse, mat og helse - la barna utvikle glede ved å bruke naturen til utforskning og kroppslege utfordringar og gi dem en forståing av korleis ein brukar og tar vare på miljøet og naturen - utvikle forståing og respekt for eigen og andre sin kropp og at alle er ulike - få kunnskap om menneskekroppen og forståing for betydning av gode vaner og sunt kosthald
Kunst, kultur og kreativitet - Få oppleve skaparglede ved å la barna få uttrykke seg gjennom ulike estetiske uttrykk, tegning, maling, leire sang og dans	Kunst, kultur og kreativitet - Motivere barna til å uttrykke seg og gi dei mulighet for å finne sine egne uttrykksformer - Vidareutvikle sin fantasi, kreative tenking og få uttrykke seg variert gjennom ulike materialar	Kunst, kultur og kreativitet - Vidareutvikle sin evne til å bearbeide og kommunisere sine inntrykk og gi varierte uttrykk gjennom skapande verksemd. - Barna skal få elementær kunnskap om verkemiddel, teknikk og form, for å kunne uttrykke seg estetisk i visuelt språk, musikk, dans og drama - La barna få oppleve lokale, nasjonale og internasjonale kunst- og kulturuttrykk
Natur, miljø og teknologi - oppleve glede ved å vere ute i naturen til alle årstider og i allslags vær - bli stimulert til å oppleve naturen med alle sansar - ta vare på naturen	Natur, miljø og teknologi - oppleve naturen og undra seg over naturen sitt mangfald. - nytte nærmiljøet sine muligheter for at barna kan lære om dyr, fuglar, insekter og planter - gje barna begynnende kunnskap om fødsel, vekst, aldring og død	Natur, miljø og teknologi - få grunnleggjande innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen - berekraftig utvikling - få innsikt i dyr og vekster og deira gjensidige avhengighet og betydning for matproduksjon

	- være med på ulike friluftaktiviteter som matlaging på bål, studere innsekt o.s.v. - berekraftig utvikling	- bygge på, og videreutvikle barna sine erfaringar med tekniske leiker og teknikk i kvardagen.
Etikk, religion og filosofi - få kjennskap til kristne høgtider, tradisjonar - la barna få støtte i eigen identitet og lære å viser respekt for kvarandre	Etikk, religion og filosofi - skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og gode samtaler - få kjennskap til høgtider og tradisjonar knytta til andre religionar som er representert på avdelinga - hjelpe barna i konfliktsituasjonar til å være med å finne konstruktive løysingar	Etikk, religion og filosofi - tileigna seg samfunnet sine grunnleggjande normer og verdiar - bli kjent med religion, etikk og filosofi som del av kultur og samfunn - skape interesse for og forståing og toleranse for ulike kulturar og ulike måtar og leve på
Nærmiljø og samfunn - Barna skal få erfare at dei er verdifulle og viktige for fellesskapet på avdelinga - bruke nærmiljøet sine ressursar til gode opplevingar og læringsmuligheter tilpassa barna sine forutsetninger og interesser	Nærmiljø og samfunn - barna skal få erfare at deira valg og handlingar kan påverke situasjonen både for dei sjølv og andre - arbeide med likestilling mellom gutar og jenter og sørge for at begge kjønn får varierte utfordringar og like mykje oppmerksomhet - få utvida si forståing for kulturelle likheter og ulikheter, la dei sjå viktigheten med å inkludere alle slik at ingen blir utestengt eller mobba.	Nærmiljø og samfunn - gje barna byrjande kunnskap og betydnina av menneskerettighetane, spesielt barnekonvensjonen - sørge for at barna utviklar sin forståing for kulturelle likskapar og ulikskapar, og arbeide for eit inkluderande miljø som motverkar mobbing og rasisme - bli godt kjent med nærmiljøet - bli kjent med at samane er Norge sin urbefolkning og få kjennskap til samisk kultur og kvardagsliv.
Antall, rom og form - Utforske, erfare og leke med ulike størrelser, former og mønster. Sette ord på disse begrepene telle høgt saman med barna	Antall, rom og form - la barna spele ulike spel, teknologi, tellemateriell, klossar, leker og formingsmateriell som omhandler telling, klassifisering, sortering og samanlikning. - gje barna impulsar og erfaringar med design ved å utforske, oppdage og skape ulike former og mønstre	Antall, rom og form - legge til rette for at barna i leik og kvardagsaktivitetar får erfaring med ulike type mål, måleiningar og måleredskapar og stimulere barna til å fundere rundt avstandar, vekt, volum og tid

AUGUST 2025

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
				1.	2.	3.
4. Oppstart nytt barnehageår Planleggingsdag for begge bhg.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
11.	12.	13.	14.	15.	16.	17.
18.	19.	20.	21.	22.	23.	24.
25.	26.	27.	28.	29.	30.	31.

SEPTEMBER 2025

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
1. Foreldremøte Hægebostad barnehage	2.	3.	4.	5.	6.	7.
8.	9.	10.	11. Foreldremøte Eiken barnehage kl. 18.00	12.	13.	14.
15.	16.	17.	18.	19.	20.	21.
22.	23.	24.	25.	26.	27.	28.
29. Haustferie	30. Haustferie					

OKTOBER 2025

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
		1. Haustferie	2. Haustferie	3. Haustferie	4.	5.
6.	7.	8.	9.	10.	11.	12.
13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
27.	28.	29.	30.	31.		



NOVEMBER 2025

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
					1.	2.
3.	4.	5.	6.	7. Planleggingsdag for begge barnehagane	8.	9.
10.	11.	12.	13.	14.	15.	16.
17.	18.	19.	20.	21.	22.	23.
24.	25.	26.	27.	28.	29.	30.

DESEMBER 2025

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
8.	9.	10.	11.	12. Nissefest Hægebostad barnehage	13.	14.
15.	16.	17.	18.	19.	20.	21.
22.	23.	24. Julafta Barnehagane er stengde.	25. 1. juledag FRI	26. 2. juledag FRI	27.	28.
29.	30.	31. Nyttårsafta Barnehagane er stengde.				



JANUAR 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
			1. 1. nyttårsdag FRI	2. Planleggingsdag for begge barnehagane	3.	4.
5.	6.	7.	8.	9.	10.	11.
12.	13.	14.	15.	16.	17.	18.
19.	20.	21.	22.	23.	24.	25.
26.	27.	28.	29.	30.	31.	

FEBRUAR 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
						1.
2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.
9.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
16. Vinterferie	17. Vinterferie	18. Vinterferie	19. Vinterferie	20. Vinterferie	21.	22.
23.	24.	25.	26.	27.	28.	

MARS 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
						1.
2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.
9.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
16. Frist påskeferie	17.	18.	19.	20.	21.	22.
23.	24.	25.	26.	27.	28.	29.
30.	31.					Palmesøndag

APRIL 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
		1. Barnehagane er stengde Frist sommerferie	2. Skjærtorsdag FRI	3. Langfredag FRI	4.	5. 1. påskedag
6. 2. påskedag FRI	7.	8.	9.	10.	11.	12.
13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
27.	28.	29.	30.			

MAI 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
				1. Arbeidernes dag FRI	2.	3.
4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
11.	12.	13.	14. Kristi himmelfartsdag FRI	15. Planleggingsdag for begge barnehagane	16.	17. Nasjonaldag
18.	19.	20.	21.	22.	23.	24. 1. pinsedag
25. 2. pinsedag FRI	26.	27.	28.	29.	30.	31.

JUNI 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
8.	9.	10.	11. Open dag Hægebostad barnehage Sommarfest Eiken barnehage	12.	13.	14.
15. Planleggingsdag for begge barnehagane	16.	17.	18.	19.	20.	21.
22.	23.	24.	25.	26.	27.	28.
29.	30.					

JULI 2026

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SØNDAG
		1.	2.	3.	4.	5.
6. Barnehagane er stengd denne veka	7.	8.	9.	10.	11.	12.
13. Barnehagane er stengd denne veka	14.	15.	16.	17.	18.	19.
20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
27.	28.	29.	30.	31.		

[illegible][illegible]